

# EIDFJORD NYTT

Norsk Natursenter

Elise og Bjørn Tore Sæle

Dyranut fjellstova

Knut Arne Vinge

## - Ordføraren har ordet -

# Markeringar på rekke og rad

**T**re flotte markeringar på rad, har og vil me oppleva i Eidfjord no i vår og sommar. Det starta 4. mai med Norsk Natursenter, 6. juni var verdens største peltonhjul på plass på Tusenårsstaden, og 4. juli skal førstbyggetrinn i regi av Nasjonale Turistvegar ved Vøringsfossen markerast.

Det tek litt tid å venja seg til nye offisielle namnet Norsk Natursenter, og til dagleg vil nok me her i Eidfjord framleis berre nyta namnet Natursenteret.

Hardangervidda Natursenter Eidfjord har tent Eidfjord og Hardanger på ein framifra måte heilt frå opninga ved droning Sonja ein maidag i 1995. Senteret har sidan opninga hatt eit jamt og godt besøk på mellom 50 og 60 tusen kvart år. Med det nye namnet Norsk Natursenter og ei flunkande ny utstilling viser styret, og ikkje minst administrerande direktør Oddvar Brakestad, vilje og evne til å ta senteret inn ein ny tidsepoch. Eidfjord kommune som eigar er stolte av arbeidet som er utført, og som ordførar må eg få retta ein stor takk til alle som har medverka i prosjektet. Takk til alle som har medverka økonomisk, takk til Sarner som har hatt ideane og utført arbeidet med utstillingane og ikkje minst takk til alle ekspertane frå ulike universitetsmiljø som har hjelpt til med dokumentasjon og kvalitetsikring på alle fagfelt.

Å skapa og halda interessa oppe for eit opplevelsessenter er ingen enkel jobb. Det har fleire tilsvarande senter fått erfara. Om ein treff blink med denne storsatsinga får ein ikkje svaret på i år, men eg føler meg rimeleg trygg på at både tidlegare og nye gjestar til Natursenteret vil lika det dei får oppleva no.

Formålet til Norsk Natursenter er å samla og spreia kunnskap om samspelet i naturen, og å skapa eit nært møte mellom det moderne menneske og naturen.



Norsk Natursenter utfordrar gjestane til å utforska noko av det vakkreste norsk natur har å by på i tillegg til kunst og kulturopplevingar.

Me er heldige som bur i Hardanger, ein plass som mange både norske og utanlandske turistar ynskjer å oppleva.

Naturen og naturopplevingane kan ikkje sentraliserast eller flaggast ut, slik som svært mange funksjonar vert i dag. Me er difor heilt avhengige av at fleire ynskjer å skapa aktivitetar knytt til naturopplevingar, utan at det går ut over eller skadar naturen. Det må vera ein breidd og spenst i aktivitetane som gjer at me har gjestar til alle årstider. Det vil gje ringverknader, som igjen skapar nye og trygge heilårsarbeidsplassar.

Med det pensjonerte turbinhjulet frå Sima Kraftstasjon på sokkel på Tusenårsstaden, har Eidfjord sentrum fått eit nytt blikkfang. Det største løpehjulet i verda er eit symbol på den verdiskapinga frå vasskrafta som skjer i Eidfjord, og som kjem heile landet til gode.

Å utnytta naturen til produksjon av elektrisk kraft har sin pris i form av tapte naturverdiar. Den største attraksjonen i kommunen, Vøringsfossen, har redusert vassføring, både Bjoreio, Eio og Simadalselva har fått negativ påverknad

som gode laks- og sjøaure elvar. I fjellet er og fleire vassdrag påverka av utbygginga i negativ lei. Heldigvis skjedde kraftutbygginga i Eidfjord i ei tid då miljøutfordringar vart tekne på alvor. Statkraft skal ha ros for gode miljøtiltak spesielt for å ta vare på oppvekstvilkåra til laks og sjøaure. Det norske lovverket har også so langt sikra at Eidfjord kommune har fått ein bra økonomisk kompensasjon for ulempene ved kraftutbygginga, og sin rettmessige del av verdiskapinga frå vasskrafta.

Sidan opninga av Sima kraftverk i 1981 og fram til i fjar har mange hatt glede av å få ei flott guida omvising i kraftstasjonen. Når denne epoken no er over, er eg difor glad for at Statkraft vel å stilla det store pelton løpehjulet til disposisjon i Eidfjord sentrum, som ein ny turistattraksjon.

Den siste attraksjonen som skal markerast i sommar er utsiktsanlegget ved Vøringsfossen. Sjølv med redusert vassføring er Vøringsfossen eit av dei mest besøkte turistattraksjonane i landet. Ved markeringa 4.juli er førstbyggetrinn fullført, og sikre utsiktsplattformer med eit spektakulært panorama mot foss, dal og fjell ynskjer nye gjestar velkomne. Anlegget inneholder også eit heilt nytt toalettanlegg.

Seinare i år startar arbeidet med den spektakulære trappebrua som skal binda Fossli og Fossetromma saman. Brua ligg oppstraums fossen og vil få tilkomst via utbetrat kløvsti og ny tilkomstveg. Dette andre byggetrinnet skal stå klart til bruk til sommarsesongen 2020, og då kan me sjå fram til nye markeringar.

Eg ynskjer lesarane av Eidfjordnytt gode opplevingar i sommar!

Anved johan Tveit  
-ordførar-

## Innhald

- |           |  |
|-----------|--|
| <b>4</b>  | <b>Eidfjord fjellstyre</b>             |
| <b>10</b> | <b>Norsk Natursenter - Hardanger</b>   |
| <b>12</b> | <b>Tema kulturelt mangfold</b>         |
| <b>14</b> | <b>Elise og Bjørn Tore Sæle</b>        |
| <b>15</b> | <b>Ungdomsrådet 2017/18</b>            |
| <b>16</b> | <b>Nytt frå Bygdaheimen</b>            |
| <b>18</b> | <b>16.mai i Kinsarvik</b>              |
| <b>20</b> | <b>Ny app</b>                          |
| <b>21</b> | <b>Ny attraksjon</b>                   |
| <b>22</b> | <b>Knut Arne Vinge</b>                 |
| <b>26</b> | <b>Dyranut fjellstova</b>              |
| <b>29</b> | <b>Storlia kraftverk</b>               |
| <b>30</b> | <b>Portrett Svein Hop</b>              |
| <b>36</b> | <b>17.mai-feiring</b>                  |
| <b>38</b> | <b>Open dag på videregående skular</b> |
| <b>39</b> | <b>Kulturprisen</b>                    |

# Nytt frå Eidfjord fjellstyre



**E**idfjord fjellstyre har fått litt ulik tilbakemelding om standard av utstyr, manglar og korleis dei er innreidd. Hyttestyret har difor engasjert Kari Varberg til vaska, supplera utstyr og gjera hytene betre å bruka. Til dømes er det i Langavasshadlet no vaska, det trengtes, slik bilde viser!



Litt av det fjellstyret bed hyttebrukarane følgjer opp:

- Melda frå om manglar og øydelagde ting/inventar til fjellstyret ([fjellstyre@eidfjord.kommune.no](mailto:fjellstyre@eidfjord.kommune.no))
- Det ligg og hyttebok på alle hytene. Det er triveleg lesing å sjå kven som har vore innom og kva ein har opplevd, så nokre ord vert sett pris på! Hytteboka vil og for ettertid vera ein dokumentasjon av behovet for hytta.
- Syta for at det er ved og oppningsved i vedkorga
- Vaska og rydde etter seg
- Ikkje leggje att søppel som kan gi vond lukt i søppelsekk
- Hugsa å slå av solcellepanelet
- Betala for bruken, fjellstyret har fått Vipps, så betaling er enkelt. Hugs å merk med namn, hytte som er brukt og kor mange som brukte.



Før omreiing



Etter vask



Etter omreiing og nye møblar

Tekst: Gunnar Elnan / Foto: Kari Varberg

Fjellstyret håper alle brukarane føl opp og forlet hyttene etter bruk slik dei ynskjer andre, og ein sjølv, skal koma til hytta.

Det kostar for fjellstyret å halda hyttene i god stand slik at dei skal vera eit godt tilbod til brukarane av fjellet. Dersom alle

bidrar og gjer sin vesle del, er dette eit godt tilbod alle kan nyta godt av.

Her er gjort ein del på innreiinga for å gjera hytta meir praktisk og hyggeleg å bruka.

## Fotterapeut Marita Meling Garen (48)

Tekst: Glenn Wiik

Marita har hatt forskjellig arbeid i sitt tidlegare yrkesliv, men ulike helseutfordringar har tvinga henne til å gå i tenkjeboksen for å finna vegen vidare med noko som ho er interessert i og kan halda på med i mange år framover. Så vart det altså undersåttane våre, dei stakkars føtene som me ikkje alltid er så snille med som fanga merksemda.

Det kan føre med seg både smerte i sjølve føtene og leddplagar. Føter er ganske forskjellige i form og storlek. Nokre er smale og lange, nokre korte og breie, nokre har høg vryst, andre er plattfot, nokre har laaange tær, andre små. Nokre har leddplagar, smerter i ankelen, andre har lagt seg til eit lite føremålstelege ganglag.

Det er ikkje så vanskeleg å forstå at føtene våre er viktig for helsa vår. Ten berre etter kor mykje sko betyr for velværet. Har du hatt verkeleg håplause sko så veit du kva eg snakkar om. Faktisk har 80% av alle fotplagar utgangspunkt i dårlege sko. Marita har alltid vore interessert i føter. Ho sökte og kom inn på Frisør- og hudpleieinstituttet i Bergen. Med tidlegare grunnkurs og 2 års studier i Bergen var ho ferdig utdanna i 2018. No er den skumle planen å opna Eidfjord Fotterapi AS i nær framtid. Det er førebels uavklart om kva for lokale

som kan nyttast til dette føremålet. Ho ynskjer samarbeid med helsestasjonen, så eit lokale i kommunehuset hadde vore perfekt.

Dersom du ikkje veit mykje frå før om kva fotterapeutar driv med, tek eg med ei smørbrøliste så du skjøner teikninga;

- Fotterapeutar er autorisert helsepersonell.
- Dei reduserer skadelege feilstillingar i føten.
- Dei handsamar hard hud og sprekker, vorter, torner, fot- og neglesopp.
- Dei gjev rettleiing i riktig bruk av sko, sålar og strømper.
- Neglekorrigering
- Dei visar til anna helsepersonell ved behov.

Fotterapi må ikkje forvekslast med fotpleie, sjølv om det siste også gjer veldig godt. Fotpleie er mest kosmetisk, mens

fotterapi er eit helsetilbod utført av godkjent helsepersonell. Førebyggjing er viktig. Gode råd om val av sko og informasjon om kor viktig dette er for både barn, unge og voksne vil ho formidla gjennom samarbeid med fysioterapeutavdelinga og helsestasjonen og Facebook (sjølvsagt!).

Eidfjord kommune er positiv til næringsutvikling og støttar gründerar økonomisk. Dette er noko Marita og mange andre set stor pris på.

Det er alltid store kostnader med å etablira ny verksemd så det betyr mykje å få eit økonomisk tilskot i oppstartfasen. Marita håper på å ha ope 3 dagar i veka.



Marita i arbeid



Liktorn er noko av det Marita kan fikse

## Informasjon frå legekontoret

Eidfjord legekontor vil i perioden 1. juli til 15. august 2018 ha redusert bemanning. Det vil seie at me i denne perioden vil ha lågdrift. Me vil alltid ha lege og sjukepleiar tilgjengeleg, men me må prioritera øyeblikkeleg hjelpe. Me vil difor ikkje setja opp rutinekontrollar som kan venta til hausten, eksempelvis blodtrykkskontrollar, diabeteskontrollar, celleprøvar eller førrarkortattestar. Ber om forståing for dette i ferieavviklinga. Me ber óg om at tidspunkt for blodprøvetaking vert avtala på førehand hjå sjukepleiar. Ein er sjølvsagt velkommen til legekontoret der som ein har symptom og lurer på om ein er sjuk, og pasientar med alvorlege sjukdommar vil få oppfølging som vanleg.

I vekene 28, 29 og 30 vil me ha legevikar ved kontoret, Latif Azizov. Han kjem frå Danmark, og har tidlegare arbeidd i kommunane Sunndal og Mosjøen.

Malin Kristine Myklatun vil ha siste ordinære arbeidsdag 20. juni, før ho tek ferie og så går ut i svangerskapspermisjon. Vikar vil vera Eman Majid, som no er turnuslege på kontoret. Eman har studert i Oslo, og hadde sjukehusturnus på Voss sjukehus – så ho kjenner allereie lokalområdet og pasientane godt.

**Eidfjord legekontor ynskjer alle ei riktig god somar!**



# Endra rutinar

**Informasjon fra Eidfjord kommune.**

## Ny gebyrforskrift og nye rutinar for handsaming av saker ved Eining for areal og miljø.

I samband med revisjon av kommunen si gebyrforskrift, som trer i kraft etter vedtak av kommunestyret, vert rutinane for handsaminga ved eininga også endra og reviderte. Fleire saksfelt vil verta omfatta av endringane.

Den nye gebyrforskrifta legg i hovudsak opp til førehandsbetaling i matrikkellovvssaker og seksjoneringssaker. Dette inneber at handsaminga ikkje vil ta til før gebyret er betalt. For byggje- og delesaker vil det også leggjast opp til førehandsbetaling. For desse sakene betyr det at alle løye vert gjevne på vilkår av at betaling skjer innan betalingsfrist for utsendt faktura.

Ønskjer du meir informasjon om gebyrforskrifta kan du henvenda deg til Eidfjord kommune. Når forskriftena er vedteken, vil ho leggjast ut på kommunen sine nettsider, og kunna finnast på Lovdata.

## Endringar som særleg knyt seg til handsaming av dele- og oppmålingssaker:

Naudsynte rettar i fast eigedom må vera sikra, og dokumentasjon for dette må liggja ved delesøknaden når han vert sendt til kommunen. Kva rettar som skal sikrast i dei ulike sakene går fram av plan- og bygningslova (§§ 27-1, 27-2 og 27-4) og av gjeldande reguleringssplan. Skjema du kan nyta finst på kartverket sine nettsider og heiter «Erklæring om rett i fast eigedom.» Ingen delesaker vert handsama før dokumentasjon på rettar er motteken. Kommunen vil oppbevara erklæringa, og syta for tinglysing av henne saman med melding til tinglysing (når eigedom vert oppretta).

Faktura for handsaming av delesaker vert sendt til den som har bedt om frådelinga (rekvirenten). Dersom faktura skal sendast til annan enn rekvirenten, lyt dette stadfestast skriftleg av fakturamottakaren.

Der delesaka skal vidare til oppmåling, vert gebyr for dele- og oppmålingssak fakturert samstundes. Begge gebyra må vera betalt før oppmålingsforretning kan skje.

## Endringar som særleg knyt seg til handsaming av byggjesaker:

Byggjeløyve vert gjeve på vilkår av at gebyret vert betalt innan fakturafristen. Oppstart av arbeid på eigedommen kan difor ikkje skje før gebyret er betalt.

Dersom byggjesaka kjem inn til kommunen før tomta er frådelt, må naudsynte rettar i fast eigedom dokumenterast på same måte som for delesaker. Sjå punkt 1 over.

Eidfjord kommune vil krevja at det skal vera ansvarleg prosjekterande og utførande for utstikking og innmåling av tiltaket ved alle nybygg.

VA-anlegg, inkludert stikkledningar, er søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova. Søknad om stikkledning kan vera del av søknad om oppføring av fritidsbustad. Kommunen treng informasjon om tiltaket sine dimensjonar, tilkoplingspunkt/anboringspunkt, stoppekran og plassering av leidningane. Vatn og avlaup skal med på situasjonsplanen som vert sendt inn med byggjesøknaden.

## Eidfjord kommune ønsker elles å presisera:

Alle søknadspliktige tiltak (med nokre få unnatak) skal avslutast med ferdigattest, og tiltaket kan ikkje takast i bruk før slik ferdigattest (evt. mellombels bruksløyve) er gjeve.

Bygning eller tilbygg som er unntake søknadsplikt skal likevel varslast til kommunen i form av eit skjema som opplyser om tiltaket sin storleik, og eit kart som syner plassering. Skjema for dette finst på [www.dibk.no](http://www.dibk.no).

# Er dugnadsånda på veg til å forsvinne?

Tekst: Frode Eriksen

**Me skal i år arrangera Eidfjord Småbanecup for 31 gang. Me har i alle desse åra vore avhengig av dugnad for å få cupen til å gå rundt.**

Me ser no, at i dei siste åra, har det blitt vanskelegare å få folk til å stilla opp på dugnad. Kva er grunnen til dette?

Kan det vera at idretten har endra seg dei siste tjue åra? Medlemmer har blitt meir som kundar, og idrettslag ein tenestetilbydar meir enn eit deltarfellesskap. Medlemmane forlangar stadig meir av dei som organiserer idrett, utan nødvendigvis å gje tilsvarende mykle tilbake i form av dugnad, som trenarar, tilrettelegging av aktivitetar, og å stilla opp på arrangement i regi av EIL. Det er viktig at så mange som mogleg møter opp på dugnad. Mangel på oppmøte kan opplevast som ei form for ansvarsfråskrivning. I dag har det blitt vanlegare å kunne kjøpa seg fri frå dugnadsinnsats i ein travel kvardag. Mange møter likevel velvillig opp. Dette kan tyda på at folk føler at deira innsats betyr noko, både for gruppa som heilheit og for si eiga rolle i fellesskapet. Dugnaden har slik sett ein eigenverdi som arbeidsform. Den sørger for effektiv oppgåveløysing samstundes som den fremjar kollektiv ånd.

Me har i dag 253 aktive medlemmar i Eidfjord Idrettslag som nyt godt av tilbodet som laget gjev. EIL har i dag ein god økonomi som kjem frå sponsorar, aktivitetsmidlar, arrangement og Eidfjord Småbanecup. Hovudgrunnen for dette, er Eidfjord Småbanecup, som kvart år, gjev heile overskotet sitt til EIL. Hadde det ikkje vore for denne cupen, ville EIL vorte drifta med eit underskot sånn som det er i dag. På grunn Eidfjord Småbanecup, kan EIL i motsetnad til mange andre klubbar, gje eit kjempebillig medlemskap. Mykje utstyr som alle medlemmar i alle grupper har nytte av.

Me har i dag aktive medlemmar i trim, fotball, ball, sykkel, ski og RC.gruppa. Håper alle ser nytta av å ha eit slikt tilbod og i åra framover. No er det viktig å få fram at det er veldig mange som stiller opp på dugnad, og dei som ikkje er medlem i EIL. Eg er og heilt sikker på at alle som dreg nytte av EIL sine tilbod ynskjer å vera ein del av fellesskapet. Eit fellesskap som er inkluderande og moro. Husk at EIL er ikkje ei bedrift som driv med kundar, men at EIL er ein frivillig organisasjon som vert drifta av vår fritid, fordi me brenn for kva dette gjev fellesskapet.

**Ikkje la dugnadsånda forsvinne!!**

Tekst: Geir Underhaug

# Hjartestartarar

Eidfjord kommune har kjøpt inn 4 hjartestartarar. Desse er utplassert på fleire stader i kommunen. Hjartestartarane er svært enkle å bruke og det er ikkje behov for spesielle kunnskapar får å nytte desse i naudstilfelle. Hjartestartarane er utplassert på stader der det er mykle folk og der det er stor utfart. Startarane er plasserte i oppvarma skap.

## PLASSERING:

- Turistkontoret/Destinasjon Eidfjord.
- Lægreid skule/idrettshallen.
- Garen – ved butikken.
- Maurset – varmestova ved skianlegget.



Hjartestartar plassert ved Destinasjon Eidfjord (turistkontoret)



Hjartestartar ved Lægreid skule

## Henteordning for glas- og metallemballasje

**Indre Hordaland Miljøverk (IHM)** innfører henteordning for glas- og metallemballasje i løpet av hausten.

**Miljønytte:** Den nye ordninga som vert innført er eit tiltak for å auke mengda utsortert glas- og metallemballasje. Fleire selskap som har innført slik henteordning, kan vise til ei auke i innsamla mengd på over 35 prosent. For å halde ressursane i krinslaup, og redusere klimautslipp er det viktig å kjeldesortere. Når ein lagar produkt av aluminium som er gjenvunne, krev det berre 5% av energien ein brukar for å produsere ny aluminium frå grunnen av. For kvart kilo produsert aluminium, sparar ein 10 kg CO<sub>2</sub> ekvivalentar. I tillegg sparar ein knappe ressursar.

Abonnentane i Eidfjord kommune er dei fyrste som får levert ut nye dunkar. I alt er det 8000 dunkar som skal ut i våre kommunar, så me reknar difor ikkje med å kome i gang med innsamlingsruta for glas- og metallemballasje før godt uthåst. Innbyggjarane vil få informasjon om hentedagar når dei er klare. Og så er det verd å merke seg at innføring av ny ordning ikkje fører til endring i gebyret. I dag er det returpunkt for glas- og metallemballasje, som vert avvikla når ny ordning er innført.



## Ny dunk!

Tømming av dunkane vert starta opp hausten 2018. Følg med på ihm.no for oppdateringar om tømmedagar.

Medfører ikkje endring i gebyret.

### Døme på avfall som skal sorterast:

#### Ja takk!

Glasemballasje frå mat- og drikkevarer. Klar og farga glas-emballasje som flasker, syltetøyglas m.m. Metallemballasje frå mat- og drikkevarer. Hermetikkboksar, drikkeboksar utan pant, aluminiumsfolie/-beger/-behaldarar inkl. telyshaldarar i aluminium.

#### Nei takk!

Glas og metall som ikkje er emballasje. Steintøy, eldfaste former, steikepanner, gryter, keramikk, porselen, krystall, knuste glasruter o.l., omnsglas. NB! Medisinflasker må leverast i retur til apoteket!

Gjenstandar som ikkje passar i det runde innkastet på loket skal ikkje oppi dunken!



56 52 99 00 | ihm@ihm.no | www.ihm.no



## Sykkeldag for SFO

For andre året på rad, har SFO laga seg ein sykkel dag. Med hjelp av Trygg Trafikk sitt skuleopplegg: Sykkel på skulevegen – trygt fram og heim, her lærer borna reglar for syklande. Det er mange born som sykler til og frå skulen/SFO, og sykkelstiar må fylja trafikkreglane for køyrande.

Tekst: og foto Svanhild Farestveit  
Me avsluttar «kurset» med ein sykkelprøve, her for borna muligkeit til å testa sykkelferdigheitene sine, og litt om kva dei har lært i kurset. Sykkelen er eit kjøretøy med krav til påbudt utstyr, det er difor særspennande at Lions med Steinar Elvebakken spissen kjem og hjelper oss med sykkelkontroll. Me set stor pris på at dei tek seg tid til å vera med oss denne dagen.



Sykkelkontroll er både spanande, og viktig. Er stas å få melding om at alt er i orden



«sikk-sakk-sykling»



Køane vert lange



Her er to karar i full gang med å reparere skiltene til SFO. Dei må me ha når me øver på trafikkreglar.



«sinkekøyring»



## Galleri N.Bergslien

06.  
april

opna utstillinga «Fjord og Fjell» med kunstnarar frå Vossavandring. Det er kunstnarane Eli Wenche Lund-Johansen, Gjermund Valland, Åshild Haugsbø og Grete Andersen som er presentert med ulike motiv frå fjell og fjord. Utstillinga står til og med 08. juli.

12.  
juli

kl. 18:00 opnar Petra Rahm si utstilling i galleriet. Rahm mottok Eidfjord kommune sitt kunstnarstipend for 2018. Rahm har arbeidd tett på innbyggjarane i Eidfjord med å byggja opp denne utstillinga. Prosjektet hennar tar utgangspunkt i personlege forteljingar om Eidfjord og omegn. Ho skal også ha ein workshop med skulen i løpet av hausten.

Tekst: Bergljot Maria Veivåg

### OPNINGSTIDER:

Galleriet er ope laurdag, sundag og ved cruiseskip kl. 12 – 16 i periodane 07. april – 15. juni og 01. september – 07. oktober. I tida 16. juni til 31. august er galleriet ope dagleg kl. 12 – 18.



'Fjell' av Grete Andersen



Og då var Norsk Natursenter offisielt opna. Frå venstre: Anne Marie Langeland (styreleiar), Helge Møller, Hilde Charlotte Solheim, Bente Bratland Holm (reiselivsdirektør Inovasjon Norge og gudmor for Norsk Natursenter), bittelitt av Anved Johan Tveit, Aslak Lægreid (nestleiar), Oddvar Brækstad (adm.dir.), Stein Lier-Hansen.

© Gunnar Elton

## Ei oppleveling utanom det vanlege

# Norsk Natursenter – Hardanger

### Ein ny attraksjon for Norge er opna i Hardanger våren 2018

I dramatisk og vakker vestlandsnatur ved foten av Vøringsfossen og oppstiginga til Måbødalens sentrale del, sentralt ved riksveg 7 i Eidfjord, finn du Norsk Natursenter - Hardanger. Senteret har som føremål å samle og spreie kunnskap om samspelet i naturen, og belyse relasjonane mellom natur og menneskeleg verksomhet. Senteret si oppgåve er å skape eit nært møte mellom naturen og det moderne mennesket.

#### Norsk Natursenter - Hardanger

Hardangervidda Natursenter Eidfjord vart etablert i 1995. «Dette stedet er et smykkeskrin med de edlestesøljer og skattar frå norsk natur», sa HM Dronning Sonja då ho opna senteret 28. mai 1995.

Våren 2018 skifta senteret innhald og namn til Norsk Natursenter. Senteret er eit spennande opplevelingscenter for norsk natur, klima og miljø og eit autorisert besøkssenter for Hardangervidda nasjonalpark. 01. april 2018 vart det lansert eit heilt nytt utstillingskonsept med moderne design og nyskapande formidlingsteknologi. Utstillingane er utarbeida av Sarner International Ltd i London i nært samarbeid med norske forskarar innan fagfeltet som vert presenterte i utstillingane. Den nyskapande formidlingsteknologien er ei oppleveling for heile familien og målet er at eit besøk ved Norsk Natursenter - Hardanger skal være ei spennande, triveleg og lærerik oppleveling for alle aldersgrupper!

Senteret har ein spektakulær panoramafilm «Fjord Fjell og Foss» regissert av Ivo Caprino som tek deg med på ei flott

oppleveling mellom høge fjell og dype fjordar, med nervepirrande helikopterstup over bratte juv og mektige fossefall, samt rolege, poetiske sekvensar mellom fjellvatn, brear og reinsdyr og original-komponert musikk. Lydbiletet er sterkt, vemodig og lyrisk, akkurat som filmen.

Over tre etasjar kan gjestene utforske utstillinga som er bygd opp som ei tidsreise frå 2,9 milliardar år sidan og fram til i dag i form av interaktive stasjonar, bergartar, mineral, fossil, modellar, akvarium, temavideoar og illustrasjonar.

På spektakulært vis kan ein oppleve delar av naturfotograf Arne Nevrå sine beste filmar om dyre- og fugleliv.

**Utforske samspelet mellom natur, menneske, kultur og miljø**

Tekst: Oddvar Brækstad

Utstillingane vert presenterte på tre hovudspråk: norsk, engelsk og tysk i tillegg til 10 andre språk. I dei nye utstillingane ved Norsk Natursenter - Hardanger vil dei besøkande oppleve geologien og landskapet på ein ny og spennande måte, kome nærmare på dyrelivet, naturen, været og klimaet, samt utforske samspelet mellom natur, menneske, kultur og miljø på ein annan måte som ikkje tidlegare er presenterte i Norge!

**Eit spennande opplevelingscenter for norsk natur, klima og miljø**

På Norsk Natursenter tek vi i bruk teknologi og kreativitet for å gje våre gjester ei oppleveling utanom det vanlege. Vi har valt å kalle oss det våre gjester har kalla oss: «eit spennande opplevelingscenter for norsk natur, klima og miljø». Vår målsetning er å lage eit kvalitetsprodukt som gjer oss til det beste senteret i Norge på formidling av naturinformasjon. Norsk Natursenter - Hardanger er utvikla med høg kompetanse, både når det gjeld bygningar, faglag innhald, moderne teknologi og design.

I ein eigen kinosal viser samspelet mellom kunst og natur. I meir enn 250 år har norske landskap vorte inspirert av mange kunstnarar. Dei flotte formasjonane av fjordar, fjell og fossefall over heile landet har kome til utsyr i måleri, trykk og andre media. Professor i kunsthistorie Gunnar Danbolt viser oss samanhengen og forteljinga om mennesket si forståing av naturen gjennom målarkunsten.

**Den mest besøkte menneskeskapte attraksjonen i distriket**

Norsk Natursenter den mest besøkte menneskeskapte attraksjonen i distriket – er eit kvalitetsprodukt både for enkeltreisande og grupper. Våre gjester er reisande og turistar frå heile verda. Historiske besøkstell ved senteret viser til meir enn 1,3 millionar gjester. Senteret er eit ideelt besøksmål for turar til den verdsberømte Hardangervidda og Hardangerfjorden. Hardanger er landet sin største 'fruktage'. Regionen har ein unik natur, og stadig fleire tilbod om overnatting og opplevelingar for deg som vil hente inspirasjon og opplevelse nokon ekstra.



© Oddvar Brækstad



© Oddvar Brækstad



© Oddvar Brækstad



© Oddvar Brækstad



© Oddvar Brækstad

# Tema kulturelt mangfald og markering av verdensdagen for Downs syndrom i barnehagen

I mars hadde Modnen barnehage kulturelt mangfald som tema. Dette er eit tema som me jobbar med på ulike måtar i barnehagen. I rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver står det at barnehagen skal bruka mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet, og støtta, styrkja og følgja opp barna ut frå dei kulturelle og individuelle føresetnadene. Barnehagen skal synleggjera variasjonar i verdiar, religion og livssyn.



Å synleggjera slike kulturvariasjonar vil vera med på å skapa openheit, interesse og ikkje minst kunnskap og toleranse kring det som kanskje for nokre er framand, og til om med kanskje litt skremmende.

Som ein del av dette temaet inviterte me Tarik på besøk i barnehagen. Ho kjem frå Eritrea, men bur no i Eidfjord. Då ho kom til oss hadde ho med seg eit lite kaffikjøkken. Me fekk vera med å sjå prosessen frå ho brente kaffibønner på ei lita panne, malte dei og til ho koka kaffi av pulveret, det var kjempesennande, og

alle som ville fekk smaka på kaffien. Til slutt poppa ho popcorn til borna. Borna fekk og stilla spørsmål til Tarik om det dei måtte lure på.

Mangfald handlar og om individuelle variasjonar til dømes i ei barnehagegruppe slik som her i barnehagen. Me menneske er alle ulike på så mange måtar. Den 21.mars markerte me verdensdagen for Downs syndrom i barnehagen. På avdeling Eple er me så heldige å ha ei jente som heiter Madelen, ho er 6 år og fødd med Downs syndrom. I barnehagen har me snakka om korleis det er

for Madelen og andre å vera fødd med Downs, og at det mellom anna inneber at ho treng litt ekstra hjelpe og støtte til ulike ting. Me har prata om at det ikkje er ein sjukdom, men eit syndrom som ein har heile livet. I forbindelse med verdensdagen for Downs syndrom oppmoda me alle, både barn og vaksne til å ha på seg to ulike sokkar, såkalla «rockasokker». Dette for å markera mangfald, og å setja fokus på at det å vera ulik er bra! Me hadde ei fin markering i barnehagen, og me feira med å eta kjempegode lappar.

## ULIKE SOKKER



for å feire  
MANGFOLD og  
LIKEVERDIGHET  
på VERDENSDAGEN for  
DOWNS SYNDROM  
torsdag den 21.MARS



# Sommarles

Bli med på den kulaste lesekampanjen i sommar!



Tekst og foto: Grete Næss

Fra 1. juni til 31. august kan alle som går i 1. til 7.klasse, delta på Sommarles 2018, saman med barn frå 300 andre kommunar i landet!

Sommarles vart utvikla for å gjere lesing endå litt kjekkare. For kvar bok du les og registrerer på sommarles.no, får du XP (poeng), og går etter kvart opp i level. Sommarles er for alle, uansett kor fort eller sakte du les. Du konkurrerer nemleg først og fremst med deg sjølv. Du kan velje å lese vanlege bøker, e-bøker, lydbøker, teikneseriebøker, eller kanskje nokon kan lese høgt for deg – all lesing tel og gir deg poeng. Og sjølvsagt har me premiar! Du kan få både kule digitale

trofé til profilen din på nettsida, og premiar som du hentar på biblioteket.

Sommarles er ein nettbasert kampanje. På nettsida sommarles.no kan du lage din eigen profil, registrere bøker, få lesetips, løys oppgåver og følge med på kva vennene dine les. Her får du også tilgang til ei superspennande fantasyforteljing, skriven av forfattar Mari Moen Holsve. Sjekk ut sommarles.no for meir info.

Har du ikkje netttilgang, kan du likevel delta med eit vanleg lesepass. Då er det berre å stikke innom biblioteket for å få hjelp med det!

## Til foreldre/føresette

Sommarles er ein lesekampanje laga for å

motivere barn til å lese av eigen lyst. Det skal vere gøy å vere med på Sommarles! I tillegg får barn som les bøker i løpet av sommaren, halde oppe leseferdighei-ten sine gjennom ein lang ferie. Nokre barn les på fritida utan noko ekstra motivasjon. Dei barna som ikkje gjer det, risikerer å stille med eit dårligare utgangspunkt, når skulen startar opp igjen etter sommarferien. Me håper at de vil hjelpe oss med å motivere barnet dykkar til å vere med på Sommarles.

Sommarles er ein flott lesekampanje, uansett kvar de skal feriere i sommar. Ta turen innom sommarles.no for meir info – eller besök ditt lokale bibliotek!

## GOD SOMMAR MED SOMMARLES 2018!



# Elise og Bjørn Tore Sæle

Tekst: Glenn Wiik

Så var det slutt etter 22 år som prest i Eidfjord. Rart for ekteparet Sæle og rart for alle oss i Eidfjord som har blitt godt kjent med Elise og Bjørn Tore på så mange måtar. Dei har begge vore aktive utanom jobben, og særleg har dei brukt tid og krefter på tiltak for barn og unge.

**D**ei kom til Eidfjord første gong 1.mai 1996 for å sjå seg litt rundt. Det var ledig prestestilling her og dei var nysgjerrige på korleis det var her inst i Hardanger. Skjebnen ville det slik at dåverande rådmann Erik Sandvik oppdaga desse nye personane i bygda og la vel kanskje to og to saman. Og med litt ekstra velvilje syntte han for at dei fekk sjå både på kommunal prestebustad og kyrkja. Dette første møtet må ha vore vellukka på mange måtar, for ikkje lenge etter hadde Eidfjord fått ny prest og prestefamilie.

Etter kvart fekk Elise jobb som klokkar og diakoniarbeidar, ringevikar på bygdaheimen og barne- og ungdomsarbeidar. Ho har hatt ansvar for bibelknøttene, småbarnstreff og barnekoret Vetraskredo.

Bjørn Tore har vore engasjert i korsong og var i mange år dirigent i blandakoret Toneskredo, seinare musikalsk genial

leiari i songgruppa Harmoni. For arbeidet som frivillig dirigent fekk han, saman med Vibeke Johnsen, kulturprisen i 2001. I 2012 fekk han på nytt kommunen sin kulturpris, denne gongen delte han den med kona, Elise. Det er ikkje tilfeldig. Både Bjørn Tore og Elise har gjort langt meir enn det som ligg til stillingane, mest for barn og unge, men også mykje for oss gamlingar.

Fram til 2016 var prestebustad einaste husval for ein prestefamilie, slik var det i alle kommunar i heile landet. Huset i Kvednavegen vart ein god heim for familién, og vart pussa skikkeleg opp av kommunen i 2009. Familien Sæle fekk også bygd seg eiga hytte på fjellet i år 2000. Her liker dei seg veldig godt, og sjølv om dei snart flyttar til Meland kommune, vil dei koma attende hit – både for å treffa gamle vener og for å nyta hyttelivet i fjellet.

Ingen bur 22 år på ein stad utan å setja spor. Ekteparet Sæle har sett solid

fotavtrykk på mange og gode måtar. Mange vil sakna dei og det vert ikkje lett å fylla tomrommet etter dei. Men slik er livet – åra tikkar og me må alle planleggja for framtida. Bjørn Tore og Elise har ikkje familie i Eidfjord og ynskjer å vera nærmere sønane sine i framtida. Med ny jobb og bustad i Meland kommune nord for Bergen har dei kort veg til byen samstundes som dei tek vare på mange av dei verdiane og kvalitetane dei set pris på i Eidfjord - natur på alle kantar, friluftsmoglehete, rein luft og god plass.


Bjørn Tora byrjar i stillinga som sokneprest i Meland 1.august. Elise har fått seg ny jobb som barne- og ungdomsarbeider. Og sjølv om det vert smerteleg å ta farvel, ynskjer me alle at dei finn seg til rette i jobb og fritid i sin nye kommune. Hytta på Garen skal dei sjølv sagt behalda, og dei vil heilt sikkert ha kontakt med mange i Eidfjord også i framtida. Og så har eg fått streng beskjed om å ta med at dei håper på mange besøk av eidfjordingar i sin nye heim.



Elise og Bjørn Tore



Bjørn Tore døyper Kristoffer i ei elv i Simadalen. Berre å stilla seg i kø...



Eidfjord ungdomsråd møtte i Hardanger ungdomsting til møte med politikarar og representantar frå Helse Bergen.

## Ungdomsrådet 2017/2018

**E**idfjord ungdomsråd vart konstituert 17. oktober 2017. Oda Medhus er leiari medan Emilie Viveli Tveit er nestleiar. Rådet består elles av Håvard Sæbø, Hedda Djønne Eriksen, Eskil Fenne, Teodor Stavanes, Tobias Fjetland, Sondre Alexander Bjotveit (1. vara) og Maya Maranini (2. vara). Ungdomsrådet har hatt 3 ordinære møte dette skuleåret. Ungdomsrådet er også styrt til Eidfjord kommunale fritidsklubb. Dei har også delteke på Hardanger Ungdomsting.

Temaet for samlinga med Hardanger Ungdomsting var blant anna utrykkstida til ambulansane. Kjersti Toppe var med på Hardanger Ungdomsting denne dagen og ho har no fremja forslag i stortingenet om responstider, dette skal handsamast i stortingenet til hausten. Hardanger Ungdomsråd har i tillegg forfatta eit brev til Terje Breivik og skal etter planen vitja stortingenet hausten 2018. I brevet ber dei

om at responstida vert lovfesta til maksimalt 12 minutt i byar og 25 minutt elles i landet. Per dags dato er responstida berre rettleiande og ikkje lovfesta.

Eidfjord ungdomsråd har elles handsama budsjett og økonomiplan, vedtekter for Eidfjord ungdomsråd og mandat for styret til Eidfjord kommunale fritidsklubb. I siste møte vedtok ungdomsrådet at dei vil be om at det vart utarbeidd ei sak om leksfri skule som skulle leggjast fram for kommunestyret. Dette var ei sak som engasjerte og det vart ein spannande debatt med argument både for og mot leksfri. Elevrådet på skulen arbeider også med denne saka og dei har hatt møte med FAU.

Oda og Emilie har også i form av sine verv delteke på nettverksamling og Ungdommens fylkesting i Bergen. Ut frå dette har Oda vorte vald inn i Ungdommens fylkesutval og sit i komiteen for helse og oppvekst. Dette er

Tekst og foto: Bergljot M. Veivåg

spannande arbeid som bidreg til auka innsikt og nettverk på tvers av kommunegrensene. Oda er også fast medlem i Hardanger Ungdomsråd som har møte kvar månad.

Dette ungdomsrådet sit til oktober 2018. I september er det val av nytt ungdomsråd med konstituering i oktober. Hedda, Teodor og Eskil vart valt for 2 år ved sist val og er difor ikkje på val til hausten. Håvard Sæbø er i løpet av tida blitt for gammal til ungdomsrådet så han kan ikkje stilla på val igjen, men Oda, Emilie, Tobias, Sondre og Maya kan stilla til val om dei ynskjer det.

Har du også lyst å vera med i ungdomsrådet kan du ta kontakt med Bergljot Maria eller Oda og meldt di interesse!



Byggeprosjektet i fugleperspektiv

©Oiv Lægreid

Me har også invitert dei tilsette til å koma med forslag til namn på dei ulike avdelingane mv i det nye bygget. Det er ikkje teke stilling til nokre av forslaga enno, men det er kome inn mange forslag med god lokal forankring.

Spørsmål om sosial dumping og elles andre arbeidsmiljøspørsmål har hatt

stor fokus i media for offentlege byggeprosjekt dei siste åra. Me har difor i vårt prosjekt fulgt dette opp spesielt. Arbeidstilsynet, politiet, NAV og skatteetaten kom i april 2018 på uanmeldt og uventa storkontroll. Alle arbeidsgjevarar og arbeidstakrar som var engasjert på byggeplassen vart kontrollert. Me er godt tilfredse med at dei tilbakemeldingane



Fasade mot vest



Utsikt frå aktivitetsavdelinga



fra tilsynet me har fått til no ikke syner nokre avvik.

Sjølv om bileta mest av alt viser ein hektisk byggeplass, håper me dei også gjev eit lite inntrykk av korleis det vil bli når bygget er ferdigstilt.

## Nytt frå Bygdaheimen



Tekst: Margunn Lægreid og Eirik Sandvik

No har me drive midlertidig sjukeheim i eitt år her opp på brotkanten. Det ser ut som det har gått bra både for dei som bur her og for dei som arbeider her. Det skjer mykje ved sida av oss, med bygginga her, det liknar meir og meir på det huset som me gleda oss til å flytta inn i. Mange av dei som bur rundt her har stor glede av å fylgja med på det som skjer på tomta og med huset som veks opp. No er våren kome og me kan koma oss meir ut alle saman. Me har ein fin uteplass mellom modulbygget og gamlebygget som me vonar å få bruka mykje denne våren og sommaren.

### Hektisk byggeaktivitet

Det har skjedd veldig mykje på byggeplassen sidan forrige nummer av Eidfjordnytt gikk i trykken. Arbeidet med utvendige fasadar pågår fortsatt for fullt, men dei er komne så langt at me kan byrja å danna oss eit bilet av korleis bygget vil visa seg fram for bygda.

Det er også travle dagar for dei som held på innandørs. Romdelinga er i sluttfasen og innredningsarbeida står for døra. Me er nå også i oppstartsfasen for arbeidet med utomhusanlegget.

Til saman er det no 40-50 menneske som er i arbeid på byggeplassen.

Avtalen med entreprenøren er at 1. byggetrinn (sjukeheimsdelen) skal vera klar for overtaking 1. oktober. Me reknar med at heile oktober vil gå med til flyttinga og at nye Bygdaheimen vil vera i normal drift frå 1. november. Umiddelbart etter det vil den midlertidige sjukeheimen bli riven og bygging av ny fløy med 10 omsorgsbustader bli starta opp.

Nye bygdaheimen vil få ny innkøyringsveg i forhold til den som var bruk tidlegare. Den gamle innkørselen blir stengt for bilar og vil berre bli nytta som gangveg. Ambulansestasjonen vil bli knytta til den nye innkørselen ved at garasjeportane blir snuud mot aust. Det er også sett i gang eit arbeid med å finna namn til denne nye vegen. Når ny Bygdaheim blir teke i bruk vil gateadressa ikkje lenge vera Lægreidsvegen, men det nye vegnamnet.

## Elsa Marie Garatun (69,9 år)

Det er jo nesten ikkje til å tru – at Elsa snart er pensjonist. Denne uforskamma spreke og oppegåande dama som har sørva bygdafolk, utanbygds og turistar i 10 år. Jobben i resepsjonen på kommunehuset er både ein viktig og krevjande jobb. Den som sit her må kunna svara på det meste;



Når opnar Tinnhølvegen? Kva for lokalhistoriske bøker sel de? Har de kart over hyttefeltet på Liseth? Kan de senda meg kommunale pins? Kor stor er villreinkvota i år? Har du treningskort? Når går hurtigbåten til Ulvik? Kan du hjelpe meg med endring av skattekortet? Kvifor er det graving i sentrum? Korleis finn eg det eg leitar etter på heimesida? Når opnar gang- og sykkelvegen til Ø.Eidfjord? Vert det rypejakt i år? Kva tid går 17.mai-toget på Vossevangen? Eg har gløymd koden på bankkortet mitt – kan eg låna pengar til bensin her? (det høyrer med til historia at Elsa lånte mannen pengar..og fekk dei att) Korleis får eg målt radonnivået?

Dersom eg flyttar til Eidfjord – får eg gratis tomt då? Kan eg bestilla fjellstyrehytte? Og tusen andre store og små saker og ting som held dei små grå i trim.

Det er ikkje enkelt å ha full oversikt, men Elsa er durkedreven og klarer det meste. Men no er det snart slutt sjølv om ho gjerne hadde jobba vidare. Reglane er slik i kommunen. Aldersgrensa er 70 år, og då må ein rydda pulten anten ein vil eller ikkje.

Tekst: Glenn Wiik / Foto: Morten Hereid

Elsa har ei lang yrkeskarriere bak seg. Før ho kom hit har ho jobba i Hemsedal, Gol, Voss og Ullensvang. På dei fleste plassane har det vore service-relatert arbeid, noko ho likar veldig godt. Ho har også ei lang kunstnarkarriere og har hatt målestillingar fleire gongar. Det vart aldri meir enn enn kjær hobby, men kanskje ho kan ta opp att tråden no som ho får betre tid? 2 barn og 4 barnebarn kjem også til å få mykje merksem.

Elsa legg til at ho ikkje har tenkt å sitja mykje i ro fordi om ho sluttar i jobben i kommunen. Ho kjem til å ta forskjellig arbeid i det lokale næringslivet slik at hjernen ikkje byrjar å krympa. Og så er det sjølv sagt viktig å halda seg oppdatert om kva som skjer i bygda og ha eit sosialt liv. Skal ein vera heilt menneske må ein leggja planar også for livet som aktiv pensjonist.

# 16. mai i Kinsarvik – 10 år!

**I** 2018 var det 10 år sidan fyrste rusfrie 16. mai arrangementet i Kinsarvik. I byrjinga var arrangementet berre for ungdom frå Ullensvang, men etter kvart vart nabokommunane invitert med. No er teamet bak 16. mai ein stor og positiv gjeng frå Ullensvang herad og så er me nokre heldige frå Odda, Ulvik, Granvin og Eidfjord. 16. mai hadde i år opp mot 500 besøkjande og ikkje minst mange flotte og positive vakter i sving frå alle kommunane. Sidan det var jubileum i år hadde me fleire aktivitetar men også heile 3 konsertar.



Elly Ecco



Klatring på bruskassar



Adelen på scena



©Bergliot M. Veivåg

Tekst: Bergliot M. Veivåg

Ungdommane kunne prøva seg på tivoliselegge, skumvulkan, trampolinetårn, go kart, promillebiller, bruskasseklatring, rodeo, bråstopp, klatring/zipline, paintball, vannsklie, pole just, drop zone og zap zone reaction. Det vart grilla pølser og hamburgerar som ungdommar og vakter kunne forsyna seg fritt av heile kvelden. Det var trekning av flotte premiar på inngangsbiletten og til slutt vart kvelden avslutta med konsertar.

Elly Ecco starta showet og sette god stemning, Adelen fekk meir sving på publikum og til slutt kom den alle venta på; Staysman og Lazz. Då Staysman entra

scena skulle ein tru det var dobbelt så mange ungdommar som var publikum. Om tekstane hans eigentleg høvde så godt på eit rusfritt arrangement kan jo diskuterast, men ungdommane kosa seg og stemningen på veg heim att var svært god!

Tusen takk til Ullensvang som vil vera vertskap for eit slikt flott arrangement, tusen takk til alle dei flotte vaktene som stiller opp, og tusen takk til sponsorar, me hadde ikkje fått det til utan dykk! Me satsar på at det vert 20 års jubileum også!

## Typisk norsk – ikkje berre norsk

Åttebladsrosa, som me liker å tenka på som typisk norsk, er internasjonal og brukt i mange kulturar. Ho finst i mønster i mange samanhengar som i strikking, vefing, brodering, trykking, filting, quilting, treskjering og fleire andre teknikkar. Selburosa er truleg vår mest kjende åttebladsrose, og ho er brukt i mange teknikkar og materiale. Husflidslaget nytta selburosa som logo.

Kulturarva i Noreg har blitt til i møte med andre kulturar og er eit resultat av gjenstådig og kontinuerleg påverknad, kunnskap og impulsar. I år vert kulturarvåret 2018 markert i heile Europa. Norges Husflidslag set Typisk norsk – ikkje berre norsk som overskrift for sine aktivitetar

Berekrift og gjenbruk er også viktige tema i Noregs Husflidslag dette året. Korleis kan me forlenge levetida til plaggia våre? På ein temakveld i husflidslaget i haust tek me opp stopping, bøting og gjenbruk. Andre aktuelle tema i Eidfjord Husflidslag dette året er vask, stell og oppbevaring av bunad, ulike strikketeknikkar og montering av strikkearbeid, nålefilting og UFO-kveld. UFO står for «uferdige objekt», og meininger er å fortelja historia til desse arbeida, få hjelp til å gjera dei ferdige eller kanskje bytta dei bort?

Til hausten vert det kurs i saum av gutebunad i Eidfjord Husflidslag. Berit Vivelid og Tina Ingeborg Nordberg er to av instruktørane. Det vert kursa i saum av bukse, vest og skjorte. På temakveldar i vår tjuvstarta me med sokkaband og sokkar. Lue vert det også ein råd med å få hjelp til. Kurs i hardangersum prøver me også å få til. Det er også plass til fleire i vevstova.

Bileta er frå ein av temakveldane i vår. Mary Herland og Randi Litangen hjelpte oss i gang med sokkaband og bunadssokkar. I alt 18 personar var innom den første kvelden. Det var hektisk og triveleg! Konsentrasjonen var høg og kaffipausen kort.

Følg og lik oss på facebook, så får du informasjon om lokallaget. Informasjon om arrangement finn du også på kommunen si heimeside og på oppslag.

Ta kontakt på e-post om du har innspel eller spørsmål.  
[eidfjordhusflidslag@gmail.com](mailto:eidfjordhusflidslag@gmail.com)

**Velkommen som medlem i husflidslaget!**



©Tina I. Nordberg



©Tina I. Nordberg

Liv Synnøva Myrvang og Svanhild Farestveit i full konsentrasjon

## 10.Klasse på tur til Polen



©Liv Synnøve Myrvang

Her er klassen samla der jernbanelinja slutta. Ordet endestasjon får ei dobbel tyding når ein veit at så mange jødar enda livet sitt her. Dei har og lagt ned roser for å minnast dei jødane som miste livet i Auschwitz.



©Liv Synnøve Myrvang

Ved Brandenburger Tor i Berlin

# Ny app

## Har du lasta ned applikasjonen (appen) til Eidfjord kommune?

### Lurer du på kva dette er?

Ein app er eit dataprogram som kan nyttast på sokalla smarttelefonar. På appen til Eidfjord kommune legg me ut dei same nyhenda som på heimesida og facebook, men du får varsel med ein gong me legg ut noko nyt.

Denne appen er tenkt som ein kommunikasjonskanal for dei som ynskjer å motta informasjon frå Eidfjord kommune generelt, og einingane spesielt. Me har brukt og testa ut appen sidan nyttår og ser at den vert meir og meir brukt både av kommunalt tilsette som legg ut informasjon, og av brukarar som lasta ned appen. Me kan ikkje sjå kven som har lasta ned appen, berre at det er nær 500 stykk (mai -18) som har teke den i bruk.

### Slik fungerer appen:

**Kategoriar:** Når du har lasta ned appen klikkar du deg inn på kategoriar. Der finn du einingane alfabetisk opplista. Klikk deg inn på dei ulike einingane og legg til som favoritt om du vil ha varsling frå dei. Det kan vera lurt å legga alle til som favoritt i byringja, og så kan du justera etterkvar ved å ta vekk igjen informasjon du evt. ikkje ynskjer eller er relevant for deg. Prøv deg fram.

**Nyheiter:** Klikk på nyheiter når du vil ha informasjonen fram.

**Sjølvbetjening:** Her ligg ein del linkar til aktuelle bedrifter.


**Borgarmelding:** Her kan du meld om mindre saker og observasjonar som går på tenestekvaliteten vår.

Du kan velja om du står fram med namn eller vil vera anonym, men me set pris på seriøse tilbakemeldingar. Borgarmeldingane vil koma til postmottaket vårt, og tiltak vil verta vurdertsett i verk ut frå kommunens sine ressursar.

**Beacons:** Denne tenesta har me ikkje teke i bruk enno.

**Slik får du tilgang:** For å få tilgang til informasjonstenesta må du lasta ned ein APP frå Google Play, eller Apple store.

**Appen heiter:** Eidfjord kommune



Tekst: Johanna Maria Hereid

Eidfjord kommune  
Appyard AS

Gratis

# Ny attraksjon

## Så fekk endeleg Eidfjord kommune på plass eit symbol som syner vår viktigaste næring – kraftproduksjon.



Det var både musikk, song og talar i samband med offisiell opning av ny turistattraksjon utanfor Rådhuset – verdas største Pelton løpehjul som no var pensionert etter meir enn 30 års teneste i Sima kraftstasjon.



Lukkeleg familie på toppen av Noreg. Frida, Gisella, Knut Arne og Sebastian

©Asle Øydvin

## Sjå framover og leva livet her og no

**Knut Arne Vinge (48)**

Tekst: Glenn Wiik

**K**nut Arne har diagnosen ALS (Amyotrofisk lateralsklerose). Det er ein sjukdom som øydelegg dei motoriske nervecellene i ryggmarg, hjernestamme og motoriske del av hjernebarken. Når desse nevronane gradvis dør, vert musklane gradvis svakare og svakare. Etter kvart vert det vanskeleg å gå, brukar hendene, tyggja og sveglja mat. Det vert også vanskeleg å pusta. Det finst i dag ingen medisiner som kurerer ALS.

ALS er ein svært alvorleg sjukdom som rammer pasientane og dei pårørande hardt. I Noreg er det ca. 300-400 personar som har diagnosen. Det er to hovedtypar av ALS, bulbær og spinal variant. Bulbær ALS svekkar øvre del av kroppen

og funksjonar som tale, sveglja og pusta. Spinal ALS svekkar musklar i armar og bein. Det har vore ei jamn auke i antal tilfelle over dei siste 50 år. Menn er overrepresentert. Gjennomsnittsalderen ved sjukdomsstart er 55 år. 90% av dei som

vert ramma av sjukdomen dør innan 5 år.

At det går an å ha slik uflaks. Ein av bygdas sprekaste karar, jeger og friluftsmann og alltid i farta – no er det nok å rusla ein



Jippi! Me klarte det

©Asle Øydvin

liten tur i skogen bak huset, eller ta ein kort sykkeltur. Men sidan han har bulbær variant er det framleis krut nok i beina til å ta han opp både til Kjeåsen og Skår når gode og spreke vene inviterer til tur.

Kva skal ein gjera når livet vendar? Det er så urettvist, det er trist, det er krevjande. Både Knut Arne, kona Gisella og barn Frida og Sebastian har fått mange og nye utfordringar. Nokre ville kanskje ha isolert seg og gått inn i djup depresjon, andre vil gjera det beste ut av livet så lenge det går. Knut Arne og familien hans hører til dei sistnemde. I fjar samla dei familie og vene til fest for å feira livet. 70 personar frå fjern og nær deltok på dette positive arrangementet. Knut Arne og Gisella har bestemt seg for å oppleva og leva mest og best mogleg. Dei reiser på konserter, deltek sosialt i lokalsamfunnet, reiser til nye stader og lever dagleglivet så normalt som mogleg. Knut Arne har fått tilrettelegging i heimen slik at han skal klara seg best mogleg. Veret var fantastisk, humøret på topp og glede stor då alle dei 36 deltakarane på

I mars fylte han 48 år. Gode vene visste at Knut Arne lenge har hatt ein draum om å bestiga Galdhøpiggen. Ville ikkje det vera den ultimate gåva til ein slik mann? Og når tanken først var der var det berre å gjera det som var naudsynt for å realisera idéen. Knut Arne har alltid vore ein aktiv friluftsmann og han har også mange spreke vene. Dei tok utfordringa på strak arm og planleggjinga var i gang.

**Det er viktig å vera saman og støtta kvarandre.**

turen kunne sleppa jubelen laus på toppen av Noregs tak. Bjørn Tore Sæle trakk trompeten fram frå sekken og spelte Ja vi elsker so det ljoma mellom fjelltoppane, og alle song det dei makta. Ikkje eit auge var tørt.

Samhald, venskap, støtte, innleiving... kvalitetar ved lokalsamfunnet som gjer oss stolte over bygda me bur i. Det er dette som gjer livet uthaldeleg sjølv om vanskane er mange og store. Mange var med og støtta ekspedisjonen økonomisk. Elevane på ungdomstrinnet ville hjelpe læraren sin til å få gjennomført turen og hadde også samla inn pengar.

Frida og Sebastian skal bu heime med pappa i året som kjem. Det er viktig å vera saman og støtta kvarandre. Me håper alle at Knut Arne og familien har mange gode dagar i vente.



## Hardanger Energi AS

Din  
Lokale kraftleverandør

Få den beste avtalen lokalt ?

- og bidra til lokal verdiskaping

[post@kraft.hardangerenergi](mailto:post@kraft.hardangerenergi) Tlf 53 67 16 10

## MASS HUS AS

### SPAR Kinsarvik

Det meste under ett tak!

#### OPNINGSTIDER:

Mån - fre 08 - 20  
Laurdag 08 - 18  
Sundag stengt

53 67 11 70 | [post@masshus.no](mailto:post@masshus.no)  
Facebook: @sparkinsarvik

## Norconsult

Norconsult Hardanger og Voss leverer bygg- og anleggsrelaterte ingeniørtenester samt arkitekt- og planetenester. Me er for tida 23 tilsette og har kontor i Eidfjord, Odda og på Voss. Ta kontakt med oss for ein uforpliktande samtal og be oss gjerne om pristilbod på arbeid du vil ha utført. Me ynskjer å vera din lokale leverandør av arkitekt-, plan- og ingeniørtenester.

[www.norconsult.com](http://www.norconsult.com)



Kontakt Eidfjord:  
Lægreidsv. 2A (Sentrumstunet)  
5783 Eidfjord  
tlf: 53 64 70 88 / 95 75 88 06  
epost: endre.laegreid@norconsult.com

Norconsult

## Gullhagen Anleggdrift AS

Tlf. 99 29 38 18

GULLHAGEN ANLEGGSDRIFT AS DRIVER MED GRAVING AV INFRASTRUKTUR,  
TOMTER, FJELSPRENGNING, STEINMURING.

Vi har samarbeid med Sandehytta vest AS på Garen/Sysendalen området.

Vi tar på oss små og store oppdrag.



**KOLSKÅR & UTNE AS**  
**RØYRLEGGJARFIRMA**  
**EIDFJORD - GRANVIN - ULVIK**

Kontakt:  
Jon Kolskår - tlf. 905 46 548  
Rolf Utne - tlf. 913 77 113  
E-post: [post@kolskarutne.no](mailto:post@kolskarutne.no)  
[www.kolskarutne.no](http://www.kolskarutne.no)



**Sandehytter Vest AS – Øvre Eidfjord**  
**Lokalt selskap som leverer nøkkelferdige hytter i Sysendalen.**

Utviklingen av nye hyttefelt fortsetter sommeren 2017;  
Rypelia, på solrike, nordsiden av Rv-7 mellom Garen og Maurseth Leiro, Flotte tomter øverst i dalen, like før bommen til Hardangervidda.  
Vi har hytter under bygging som kan fremvises til enhver tid.

For mer info. kontakt:  
**PARADIS EIENDOMSMEGLING AS, PARADIS.**  
Tlf.: 5560 4032 - Mobil: 9341 1748 - E-mail: [perry@paradiseiendom.no](mailto:perry@paradiseiendom.no)



**Hardanger Økonomiservice AS**  
autorisert rekneskapsførarselskap · [www.hardanger1.no](http://www.hardanger1.no)

## Statkraft

Statkraft er størst i Europa innan fornybar energi.

Konsernet produserer og utviklar vasskraft, vindkraft, gasskraft og fjernvarme, og er ein viktig aktør på dei europeiske energibørsane. Gjennom eigarskap i andre selskap vert det levert straum og varme til om lag 600 000 kundar i Noreg.


Statkraft Kraftverksgruppe Hardanger har drifts- og vedlikehaldsansvar av alle Statkraft sine anlegg i 7 Hardanger kommunar.

Totalt i kraftverksgruppe Hardanger er det installert ein generatorytelse på ca. 2000 MW og årsproduksjonen er nær 7000 GWh.

Med dagens kraftpris representerer dette ei verdiskaping på om lag 2,5 Mrd/NOK/år. Kraftverksgruppe Hardanger har 43 tilsette og 5 lærlingar.

Statkraft kjøper varer og tenester i regionen for store summar kvart år, og er ein aktiv støttespelar i høve til idretts- og kulturlivet i Hardanger. Vertskommunane til Statkraft i Hardanger har store inntekter kvart år frå skattar og avgifter i samband med kraftproduksjonen.

[www.statkraft.no](http://www.statkraft.no)



## Nye eigarar på Dyranut Fjellstova

**E**idfjordnytt har avtala ein liten prat med dei nye eigarane av Dyranut Fjellstova. Me møter dei i døra og vert vel tatt imot og bedne på kaffi og kake etter eit arrangement dei hadde der 2.pinsedag.

Ragnhild Telle og mannen Torstein Hus kjøpte fjellstova saman me sonen Adrian og kona hans Emily 4.desember 2017. Saman har dei borna Helleik og Hedvik på 1 år og 4 år. Dei er no busette på Kyte i Voss kommune.

Dyranut Fjellstova har eit eige-domsselskap og eit driftsselskap. Ragnhild,Torstein, Emily og Adrian eig 25% av aksjane kvar. Dette synest dei er ei god ansvarsfordeling for drifta av selskapet. Ragnhild er dagleg leiar for fjellstova.

### Stutt historikk

Ola O.Lægreid bygde Dyranut Fjellstova og hadde ansvaret for drifta fra 1934 til 1946. Deretter drifta Nils Bergslien fjellstova fra 1946 til 1952. Rut Helberg vidareførte så drifta frå 1952 til 1968. Solveig og Sjur Varberg kjøpte deretter verksemda i 1968 og hadde driftsansvaret fram til 1997. Her kom så eit generasjonsskifte då Kari Varberg og Asle Øydvin overtok og held fram drifta fram til desember 2017.

Me spør om kvifor dei ønskte kjøpa fjellstova. Emily og Adrian fortel at dei over tid hadde prata seg imellom om å kunna drifta- og ha ansvaret for ei reiselivsverksemd i regionen. Dei fortel vidare at dei, reint tilfelleleg, fann fjellstova på internetsida Finn.no. og ikkje trong lang omrømingstid før dei tok avgjersle om kjøp. Dei nemde så dette for Ragnhild og Torstein. Ragnhild trong berre to dagar før ho bestemte seg, fortel ho.

### Bakgrunn / sivil status

Ragnhild kan her fortelja at ho heile livet har hatt arbeid innan reiselivsbransjen. Det heile byrja med at ho vaks opp med foreldra sine på ein campingplass i Telavåg. Der hadde ho sommarjobb kvar sommar til ho i 1982 byrja å arbeida ved

Tekst: Brynjulf Mugaas  
Turistkontoret på Voss. Deretter var ho tilsett som flyvertinne i SAS og var der i 13 år.

Så vart det arbeid ved Fleischers Hotel på Voss i to år før ho etablerte sitt eige ljosstøyperi- og dropskokeri på Voss der desse produkta vart selde i kombinasjon med andre sine handverksprodukt i 'Butikken på Norheim' i 8 år. Ragnhild arbeidde så ved Myrdalen Fjellandsby i perioden 2007- 2017. Der hadde ho ansvaret for booking av leilegheiter og hytter. Mannen,Torstein,har heile livet vore sjølvstendig næringsdrivande med eiga handverksverksemdu innan maling. Han har i periodar hatt fleire tilsette. Ragnhild fortel at han legg opp til å arbeida ved Dyranut Fjellstova i helgane og vonar etter kvart å kunna få maleoppdrag i Eidfjord slik at det vert kortare veg til Dyranut. Emily fortel at ho opprinneleg er frå Sandefjord og at ho i lengre periodar i livet har arbeidd i butikk. Ho har stor interesse for dyr og har med seg hest og høns til Dyranut. Adrian kan fortelja at han har vore særskilt allsidig. Han har hatt arbeid innan tilkomstteknikk / industriklatring både innan offshore- og industribransjen. Han har vidare vore tilsett ved Voss Cement i 2 år. Han har også arbeid innan psykiatri og ansvar for folk med adferdsproblem. Han arbeider no innan barnevernet på Styve Gard – Evanger når han ikkje er på Dyranut.

### Mattradisjonar

Me ønskjer gjerne å vite om dei ønskjer å vidareføra mattradisjonane ved fjellstova eller tilføra noko i nytt i matvegen. Adrian kan her fortelja at dei sjølvsagt vil ha fjellaure, reindsdyr, hjort og elg på matfatet. Dei ønskjer alltid å ha som rettesnor at all mat skal vera heimelaga frå botn av. Han nemner her t.d. leverpostei, kjøtkaker, rullepølse, brød, fjellburger og dressingar. Dei kjøper elles storfekjøt og hjortepølse frå Larsstova i Folkedal som har økologisk produksjon.

### Tilsette / sesong

Me spør om talet på tilsette og om kor lenge dei har planlagt at fjellstova skal vera open i sesongen. Ragnhild kan fortelja at dei til saman har om lag 2

1/2 årsverk ved verksemda og 6 tilsette utanom dei sjølve i sommarsesongen. Dei har ein kokk som har vore ved fjellstova i mange år og såleis veit kva reisande ønskjer på matfaget sitt. Ragnhild fortel vidare at dei opna fjellstova 15. mars i år og har ope til 30.september.

#### Aktivitetstilbod / planar framover

Dei vil først gje uttrykk for at Dyranut Fjellstova 1245 m. o. h. er eit framifrå utgangspunkt for turar vidare innover fjellheimen. Dei er samstemte på at fjellstova skal vera ein god stad å koma til med god atmosfære.

Me ønskjer å vita kva aktivitetstilbod dei har no og kva dei har planar om framover. Dei synest at det er flott at turistane t.d kan få oppleva stell og foring av dyr i fjellheimen. Dei fortel at dei har både høns, hund og hest. Dei fortel vidare at her er tilbod om kanoutleige og robåt på Skiftesjøen. Me spør om «kiting» og guiding. Dei ønskjer å satsa på «kiting-miljøet» vidare. Dei fortel at ungdomen er ute i all slags ver med brettski- og vindskjerm. Eit slikt tilbod vil kunna utvida skuldersesongen for verksemda. Elles har dei planar om ei «yoga-helg» i september. Dei gjev uttrykk for at interessa her til no har vore god for dette tiltaket. Her er også planar for treningshelg for «Ekspedisjon Amundsen» utanom sesongen. Dette er eit prosjekt som har vorte gjennomført fleire år i Eidfjord kommune. Dei fortel

vidare at her har vore konsert med hollendarar. Gruppa heitte The First Wolf. Dei vil arrangera mindre konserter i framtida. Ein kjent polsk kokk har også lagt eit TV-program ikring Dyranut Fjellstove. Han hadde elles TV-produksjon fleire stader i Hardanger. Dette vart eit svært populært program i Polen.

Her har også vore eit fransk filmteam som har produsert reklamefilm for Renault lastebilar. Lotepus og Fjorden Cowboys har vore her i samband med innspeiling av eit TV-program på Hansbu der dei skulle ha både dumper og gravemaskin med i innspeilinga si. Dei ventar storinnrykk på Dyranut i samband med TV-program med Lars Monsen og NRK i juli. Monsen er kjent for fleire programseriar som har gått i fjernsynet. Turen til Monsen skal byrja på Dyranut 12.juli. I alt 30 menneske frå NRK kjem her og skal stå for innspeilinga. Her er lagt opp til at mange folk vil kunna følgja Lars den første delen av turen.

Vidare ønskjer dei å fortelja om at dei 2. pinsedag sette ny rekord på antal middagsgjestar etter at dei opna. Dei serverte chili-gryte, betasuppe, gulrotsuppe, søtpotetsuppe, rjomegraut og fjellburger denne dagen. Dei vil også fortelja at dei skal drifta Dyranut Turisthytta for Leif Olav Litlatun i både juli og august månad og gler seg stort til dette.

Ragnhild vil leggja til at dei er i gang med å leggja nytt golv og diverse oppussing.

Me har møtt dei nye eigarane av Dyranut Fjellstova som synest å vera svært kreative etter ei så stutt tid ved verksemda 1245 meter over havet. Dei har mange gode planar når det gjeld aktivitetstilbod for gjestane. Deira planar med ymse aktivitetar utover primærsesongen, vil kunna utvida skuldersesongen og såleis betra driftsgrunnlaget. Dette vil sjølsagt styrka verksemda samt vera ei framifrå marknadsføring av reiselivstilboden i kommunen. Dei er medvitne på at Dyranut Fjellstova skal vera ein god stad å koma til i ein hyggeleg atmosfære. Dei er vidare optatt av å kunna vidareføra mattradisjonen med heimelaga mat frå botnen av. Organiseringa synest å vera god der eigaransvaret er solidarisk er fordelt på fire personar. Yrkesbakgrunnen til dagleg leiar, Ragnhild Telle, vil vera til stor nytte for drifta.

Ettersom det er fire personar som eier og driftar fjellstova, kan dei dra vekslar på kvarandre og vera fleksible m.o.p. drifta ved fjellstova og deira arbeid på Voss. Dei er vidare bestemte på at reiselivsverksemidene må samarbeida for å styrka kvarandre og Eidfjord som reiselivskommune.


Me takkar for samtalens og ønskjer dei nye eigarane ved Dyranut Fjellstova lukka til med framtid.



Emily Hus og Ragnhild Telle



Adrian, Helleik og Hedvig Hus



Tilkomstveg

## Storlia kraftverk

**S**tatkraft Energi AS og AF Gruppen signerte 8.mai kontrakt om bygging av Storlia kraftverk, byggetrinn 2 i Eidfjord kommune. Same dag byrja tilrigging av anleggsområdet. I juni startar tunnelarbeida.

Dette prosjektet er eit godt døme på korleis me kan få meir fornybar energi ved å nytta vatnet smartare i område som alt er bygd ut. Det nye kraftverket vil produsera om lag 35 GWh pr. år, noko som tilsvarer forbruket til 1800 husstandar. I tillegg vil prosjektet gje noko produksjonsuke både i Leiro kraftverk og Sy-Sima.

Storlia kraftverk skal nytta vassføring og høgdeforskjell ( ca 80m) mellom Bjoreio og Sysenvatnet. Kraftverket er planlagt med ein installasjon på ca. 8,5 MW og skal byggjast inni fjellet med ein tilkomsttunnel frå Storlia, på nedsida av riksveg 7.

Byggetrinn 1 vart starta i 2015, og bestod hovudsakleg av etablering av infrastruktur, avkjøring frå R7 og bygging av kabelgrøft frå Leiro. Byggetrinn 2 skal no fullføra prosjektet. Arbeidet vil bestå av tunnelar, betong og montering av elektromekanisk utstyr. Oppstart av kraftverket er planlagd til sommaren 2020. Byggetrinn 2 har ei investeringsråde på 180 mill.



Statkraft



Inntak



Forskjæring

## Kunstnarstipend 2019

Eidfjord kommune sitt kunstnarstipend for 2019 er tildekt Gunnveig Nerol, Ho i Hallingdal. Kunstnarstipendet består av eit stipend på kr. 40.000,- samt tilbod om opphold i Bergsliskorane kunstnarbustad og utstilling i Galleri N.Bergslien.

Begrunnin frå juryen: Biletkunstnar Gunnveig Nerol er tildelt Eidfjord kommune sitt kunstnarstipend for 2019. Nerol er ein svært produktiv kunstnar i fleire teknikkar og materiale, med sterke fargar i abstrakte komposisjonar. Ho har utført ei rekje utsmykkingar i offentlege bygg mellom anna glassmåleri i Skjold kyrkje i Bergen.

# Portrett av Svein Hop



Tekst: Brynjulf Mugaas

**Me i Eidfjordnytt ønskjer å omtala personar som har utmerka seg i lokalsamfunnet på ulikt vis. Svein Hop er ein av desse. Me har avtala ein liten prat med Svein. Me møter ein blid og stillferdig kar for å høyra kva han har å fortelja om livet sitt.**

**S**vein vart fødd i Klaus Hansensvei nær Danmarkspllass i 1939. Kona Bjørg vart fødd same år. Ho har hatt arbeid som heimehjelp i 20 år og er utdanna tannteknikkar. Saman har dei borna Beate og Stig. Dei vart fødde i 1966 og 1970. Beate er gift på Fedje og arbeider der i dag med rekneskap. Stig arbeider i verksmeda Abien. Her tilrettelegg han for produksjon innan verftsindustrien. Han er i dag busett i Skjoldstraumen utanfor Haugesund. Bjørg og Svein er besteforeldre til fire jenter. Beate og Stig har to jenter kvar.

Me spør Svein om tida på Fedje. Svein kan fortelja at han og familien budde her frå 1975 til 1985. Han arbeidde då innan elektrisk sveising ved Kleppe Stålprodukter, fortel han vidare. Alt no synt Svein eit breitt engasjement innan kulturarbeid og politisk verksemd. Han vart leiar av Arbeidarpartiet på Fedje, kommunestyrerrepresentant der i 1 ½ periode og sat i formannskapet i om lag 1 ½ år.

I 1985 flytta familien til Eidfjord kommune. Svein fortel at han då kom til eit punkt i livet der han ønskte å satsa yrkesmessig. Vestlandske Bedriftsutvikling kontakta han om å vera dagleg leiar ved Norsk Kranindustri as. Han vart førespurt tre gongar om leiarjobben. »Alle gode ting er tre», gav Svein uttrykk for. Deretter sa han ja til tilbodet. Etter ein god prat med Birger Flatlandsmo, byrja han ved Norsk Kranindustri as 1. mars 1985. Svein fortel at han arbeidde der akkurat på dagen i heile 23 år. Her nyttja han alle sine ibuande krefter på arbeidet ved verksmeda. Norsk Kranindustri as arbeidde den gong med skipsutstyr for smelteverksindustrien. Då selskapet Cirrus kom inn på eigarsida, fekk han endeleg tid til å engasjera seg i diverse kulturaktivitetar i bygdesamfunnet, fortel Svein. Cirrus as hadde

oppdrag med eit produkt (gummifelgar) til bulkskip. Dei hadde kontrakt med eit firma frå Måløy som produserte fiskefør. Norsk Kranindustri arbeidde på same tid med produksjon til TTS. Her kom så ein avviklingsperiode for Cirrus i perioden frå 2006-2008 og bygget vart overtatt av lokale krefter.

Me vil gjerne vita om hans politiske engasjement i Eidfjordsamfunnet. Svein fortel at då han og familien kom til Eidfjord, vart han tidleg spurt om han kunne delta i politisk verksemd. Grunna stort arbeidspress ved Norsk Kranindustri, måtte Svein takka nei til tilbodet.

I 1997 vart han styremedlem i Arbeidarpartiet i Eidfjord. Han vart så leiar av partiet i perioden 1999-2019. Svein sit no i sin tredje periode i kommunestyret. Han har og vore varamedlem i formannskapet.

Me spør så om hans aktivitet innan kulturarbeid. »Kulturarbeid har vore som ein hobby for meg», seier Svein engasjert.

Me spør om småbanecupen og hans engasjement der. Svein fortel at han her har vore aktiv i 25 år. Vidare har han vore turneringsleiar for småbanecupen i 3 år samt administrator for oldboysturneringa i fotball 2 gongar i året. Han kan vidare fortelja at han var stedfortredar for Lillian Eriksen (leiar småbanecupen) i 2 år då Lillian ville ha ein liten pause. Han fortel og at han har vore «speaker» her i 5-6 år. Røysta hans frå idrottsplassen hugsar me alle. Svein kan og fortelja at han dei siste 10 åra har hatt ansvar for infrastruktur, bos, parkering og skilting på og ved idrottshallen i samband med fotballturneringa.



Svein og Bjørg på ferietur i Italia

Me har hørt at du har hatt interesse for lokalradioen og vil gjerne vita litt meir om dette arbeidet.

Svein fortel at han har produsert radioprogram i 14 år og byrja samarbeidet med Radio Folgefonna i 2004. Han fortel vidare at han har hatt interesse for countrymusikk heilt sidan 1959 og m.a. gjennomført eit countrytreff i Samfunnshuset og året etter blueskveld.

Me spør så kva Svein er oppteken av no. Han kan fortelja at han alltid har hatt stor interesse for å produsera radioprogram og at han reiste til Odda dei 10-11 første åra han laga desse programma.

Han fortel vidare at han no lagar program saman med Svein Magne Haugen med hjelpe av data. Programtida for desse programma har til vanleg vore ½ time 4 gongar i veka. Han lagar elles program med 2 andre personar som sendast på radio Askøy der Svein er teknikar medan dei 2 andre spelar musikk.

Han fortel og at han i mars 2018 var med på innspelinga av «Nordavind frå alle kantar» og at deltakarane her var mellom 42-79 år. Me hugsar godt at Svein hadde samla til heilskjegg til framsyningane av spelet. Her må sjølsagt nemnast at Svein fekk kulturprisen i 2004 då han var 65 år gammal.

Me veit at Svein ikkje gav opp aktivitetane sine etter den tid og me ønskjer difor å vita litt meir om kva han då fylte dagane med. Han fortel at han har arbeidd med reinhald på Mixkroa

i sentrum frå 2010-2016. Elles kan Svein fortelja at han og Gunnvald Medhus har delteke på årsmøte og representantskapsmøte for Arbeidarpartiet i Hordaland 4-5 gongar i året. Han har og vore leiar i A-laget i Indre Hordaland (arbeidarpartilaiga i Hardanger og Voss).

I Svein sitt mangfoldige virke er det mykje meir me kunne ha skrive om i bladet vårt, men me har konsentrert oss om det som har kome fram i vår samtale med han.

Me spør om kva hendingar han vil trekka fram i Eidfjord. »Bygginga av Hardangerbrua vart ein siger for oss i lokalsamfunnet», seier Svein engasjert. Elles meiner han at oppføringa Eidfjord Natursenter vart eit stort løft her i bygda. Han vil vidare nemna ny Bygdaheim, cruisebåthavn og heilårsope RV-7 for person- og turisttrafikk.

Svein Hop har synt eit breitt engasjement i Eidfjordsamfunnet både innan næringsutvikling, politisk verksemd og kulturarbeid. Han har vore særdeles aktiv i heile livet fram til no i ein alder av 79 år. Eit imponerande arbeid som det står respekt av. Eit lite lokalsamfunn hadde ikkje fungert utan eldsjeler som Svein. Me ser han ofte hastar avgarde til oppdrag i sentrum eller på kommunehuset. For Eidfjord sin del vonar me at Svein Hop opprett-held lysta til å engasjera seg i mange år framover.

Me takkar for samtalen og ønskjer Svein og familien lukka til vidare.



**Bulk i skjermen  
eller ripe i lakken,  
ta kontakt for takst  
eller time.**

**Ynskjer du nye utfordringar?**  
Me har ledig stilling som Kundemottaker  
og Verksmester.

Ta kontakt på tlf 56528888 /post@bilskadevoss.no

## Velkommen til Vik Pensjonat og Hytter - Eidfjord -

Ro ned og nytt stillheten,  
pust inn den unike  
kombinasjonen av frisk fjell  
og sjøluft, slå av mobilen, la  
deg fascinere av naturen på  
sitt beste – vilt, urørt, rett og  
slett fantastisk!



Dette boutiquehotellet ligger sentralt i Eidfjord og er bygd i 1928. Det er en perle i Hardanger, beliggende ved de spektakulære fjellene og fjorden i det ulendte norske landskapet.

Huset og hyttene ligger i en vakker hage rett ved lakse-elven Eio. Eiendommen er omgitt av imponerende fjell & kystnatur. Huset har den opprinnelige fasaden og er de senere år restaurert og renoveret for å tilby en kombinasjon av gammeldags sjarm og moderne bekvemmeligheter.

Vi tilbyr 8 koselige rom i pensjonatet, 4 hjemmekoselig hytter som ligger langs elvebredden, kafé med peis, velsmakende, mettende måltider & vennlig personale.

Booking gjøres på: [www.vikpensjonat.com](http://www.vikpensjonat.com) eller  
epost post@vikpensjonat.com eller ring 98135660



## VØRINGFOSS BY NORDIC CHOICE

## Legg fjellturen til HALNE FJELLSTUGU

Me på Halne ynskjer dikko velkommen på  
«Norges tak». Her serverer me av viddas delikatesser kvar dag. Kombiner fjellturen med fottur eller båttur på Halnefjorden. Håpar me sjåast i fjellheimen til sommaren.

Mvh. Uss på Halne  
Ingar og Geirmund



## OPNINGSTIDER SOMMAREN 2018

Utvida opningstider midtsommars

Elles: måndag – torsdag 09.00 – 18.00

fredag 09.00 – 20.00

laurdag 09.00 – 16.00

VELKOMMEN TIL EIN HYGGLIG HANDEL HOS OSS



EIDFJORD TURISTKONTOR  
TOURISTINFORMATION OFFICE  
TEL: +47 53 67 34 00

### OPNINGSTIDER:

01.05 - 31.05 Man - fre 09.00 - 18.00

01.06 - 14.06 / 16.08 - 31.08 Man - fre 09.00 - 18.00

Laurdag 10.00 - 18.00

Man - fre 09.00 - 19.00

Laurdag 10.00 - 18.00

Sundag 11.00 - 18.00

Man - fre 09.00 - 16.00

### OPENING HOURS:

01.05 - 31.05 Mon - fri 09 am - 6 pm

01.06 - 14.06 / 16.08 - 31.08 Mon - fri 09 am - 6 pm

Saturday 10 pm - 6 pm

Mon - fri 09 am - 7 pm

Saturday 10 am - 6 pm

Sunday 11 am - 6 pm

Mon - fri 09 am - 4 pm

### ÖFFNUNGSZEITEN:

01.05 - 31.05 Mon - frei 09.00 - 18.00

01.06 - 14.06 / 16.08 - 31.08 Mon - frei 09.00 - 18.00

Samstag 10.00 - 18.00

Mon - frei 09.00 - 19.00

Samstag 10.00 - 18.00

Sonntag 11.00 - 18.00

Mon - frei 09.00 - 16.00

Übriges Jahr



## OPNINGSTIDER SOMMAR 2018


**F.O.M Uke 26 (25.06.18) -  
T.O.M Uke 35 (01.09.18)**

<b>Mandag til Fredag</b>	<b>9-20</b>
<b>Lørdag</b>	<b>9-18</b>
<b>Søndag</b>	<b>Stengt</b>

**F.O.M Uke 36 (03.09.18) -  
T.O.M Uke 51 (22.12.18)**

<b>Mandag til Onsdag</b>	<b>9-18</b>
<b>Torsdag og Fredag</b>	<b>9-20</b>
<b>Lørdag</b>	<b>9-18</b>
<b>Søndag</b>	<b>Stengt</b>

**GOD SOMMAR!**



# Eidfjord Cruisehamn 2018

## Anløpsliste

	Juni			
lørdag	02.06.2018	0700-1530	Columbus	63786
mandag	04.06.2018	0700-1500	Rotterdam	61849
tirsdag	05.06.2018	0700-1500	Koningsdam	99836
tirsdag	05.06.2018	0800-1800	AidaBella	69203
lørdag	09.06.2018	1000-2000	AidaSol	71304
søndag	10.06.2018	0700-1900	Viking Sea	47842
mandag	11.06.2018	0700-1500	Rotterdam	61849
onsdag	13.06.2018	0800-1800	Koningsdam	99836
torsdag	14.06.2018	0700-1900	Viking Sun	47842
mandag	18.06.2018	0700-1900	Viking Sun	47842
tirsdag	19.06.2018	0800-1800	AidaBella	69203
onsdag	20.06.2018	1400-2000	SeabournQuest	32346
torsdag	21.06.2018	0700-1900	Viking Sky	47800
onsdag	27.06.2018	0800-1900	AeganOdyssey	11906
	Juli			
søndag	01.07.2018	0800-1400	Marco Polo	22080
tirsdag	03.07.2018	0700-1500	Koningsdam	99836
tirsdag	03.07.2018	0800-1800	AidaBella	69203
fredag	06.07.2018	1000-2000	AidaSol	71304
tirsdag	10.07.2018	0700-1600	Koningsdam	99836
onsdag	11.07.2018	1200-2300	Europa	28890
mandag	16.07.2018	0700-1900	Viking Sun	47842
mandag	16.07.2018	1000-2000	AidaSol	71304
tirsdag	17.07.2018	0800-1800	AidaBella	69203
torsdag	19.07.2018	1200-2000	Magellan	48052
torsdag	19.07.2018	1100-1700	Berlin	9570
onsdag	25.07.2018	0800-1800	MarellaDiscovery	69130
torsdag	26.07.2018	1000-2000	AidaSol	71304
mandag	30.07.2018	0800-1800	Viking Star	47842
tirsdag	31.07.2018	0700-1700	Pacific Princess	30277
tirsdag	31.07.2018	0700-1500	Koningsdam	99836
	August			
fredag	03.08.2018	0700-1900	AidaBella	69203
fredag	03.08.2018	1000-1800	Rotterdam	61849
søndag	05.08.2018	1000-2000	AidaSol	71304
mandag	06.08.2018	1000-1600	Columbus	63786
tirsdag	07.08.2018	0800-1400	Braemar	24344
tirsdag	07.08.2018	0900-1800	Azamara Pursuit	30277
torsdag	09.08.2018	0700-1900	Viking Sun	47842
torsdag	09.08.2018	0700-1900	Viking Sea	47842
tirsdag	14.08.2018	0800-1800	AidaBella	69203
onsdag	15.08.2018	1000-2000	AidaSol	71304
mandag	20.08.2018	0700-1900	Viking Sky	47800
torsdag	23.08.2018	0800-1800	Viking Star	47842
lørdag	25.08.2018	1000-2000	AidaSol	71304
onsdag	26.08.2018	0930-1530	Columbus	63786
onsdag	26.08.2018	0800-1630	Balmoral	43537
mandag	27.08.2018	0800-1800	Viking Star	47842
tirsdag	28.08.2018	0700-1500	Koningsdam	99836
tirsdag	28.08.2018	0800-1800	AidaBella	69203
	September			
lørdag	01.09.2018	0700-1330	Boudicca	28372
søndag	02.09.2018	0700-1900	Viking Sea	47842
tirsdag	04.09.2018	1000-2000	AidaSol	71304
fredag	07.09.2018	0800-1700	MarellaDiscovery	69130
mandag	10.09.2018	0700-1900	Viking Sun	47842
tirsdag	11.09.2018	0800-1800	AidaBella	69203
torsdag	13.09.2018	0700-1900	Viking Sky	47800
fredag	14.09.2018	1000-2000	AidaSol	71304
mandag	17.09.2018	0700-1900	Viking Sky	47800
onsdag	19.09.2018	080-140		



# Open dag på vidaregåande skular

Elevane i 9.klasse ved Lægreid skule har vore to dagar til Voss på skulebesøk. Dette er fast kvart år at 9.klasse reiser og får eit innblikk i korleis skulelivet er på vidaregåande.

## Voss Gymnas

**Helse og oppvekst:** På linja fekk me lov til å måla blodtrykket vårt. Me hadde også ei oppgåva der me skulle setje riktig namn på rett instrument. Det var veldig hyggelege elevar og lærarar der. Ein gut på linja målte blodtrykket og pulsen til Jekabs. Han spørte med at Jekabs hadde kreft. Jekabs skjønte raskt at det var tull, men eine læraren blei skikkelig nervös.

**Studiespesialisering:** På studiespesialiseringande var det ein lærar som viste oss eit naturfags-forsøk. Det var forskjellen på korleis ein isbit smelta i saltvatn og ferskvatn. Dei hadde veldig fint utstyr og lærarane var veldig kjekke. Til slutt intervjua norsklæraren to elevar. Elevane hadde veldig interessante svar og var veldig flinke.

**Musikk dans drama:** På musikk, dans og drama var me å høyre på nokre band som spelte for oss. Me fekk også vera med på ein quiz som var veldig variert. Dessverre var ikkje me frå Eidfjord heilt optimale når det kom til musikk kunnskapane våre. Håvard Sæbø var med i bandet som spelte for oss. Dei var veldig flinke!

**Service og samferdsel:** Dette var ei linje, som dei fleste av oss ikkje visste så mykje om frå før. Me fekk mange positive inntrykk frå linja. Det verkar som dei driv på med mykje kjekt og variert. Det var quiz på denne linja også. Og med god hjelp frå lærarane greidde me oss ganske så bra.

**Idrett:** Her vart me delte i fotball og handballgrupper, me fekk øva litt på teknikk saman med elevane i 3.klasse på idrett. Dette



Tekst og foto: 9.klasse, Lægreid skule

Neste post på programmet var eit besøk hjå elevane på villmarkslinja, her fekk me sjå film frå skuleåret deira. Det var òg lagt opp til ulike leikar, det var artig. Emilie kom i finalen og her var det om å gjere å brøle MØ lengst. Ho vann! Etter me var i Naturbruk så gjekk me bort og såg på Bygg og anleggsteknikk, der fekk me høyra om kva dei gjer der og sjå på dei som går der jobba. Etterpå var me og fekk sjå på Teknikk og industriell produksjon der me lærte litt om kva dei gjorde der. Til lunsj fekk me tacosuppe.

**Det var ein innhaldsrik dag på Voss vidaregåande skule med mykje inntrykk.**



# Kulturprisen 2018

Tekst: Anved Johan Tveit

17.mai hadde eg gleda av å dela ut Eidfjord kommune sin kulturpris for 2018 til Benedicte Maurseth.

**A**rets prisvinnar har tidlegare gjort seg fortent til fleire utmerkingar både regionalt og nasjonalt og det var nok på høg tid at vedkomande og mottok Eidfjord kommune sin kulturpris

Benedicte byrja å spela hardingfele som sjuåring, med Knut Hamre som lærar. Seinare vart det studiar ved Universitetet i Bergen, og i perioden 2004–06 var ho student ved Ole Bull-akademiet på Voss.

Hovudinstrumentet til Benedicte er hardingfele, men ho spelar også barokinstrumentet viola d'amore. I tillegg er Benedicte ein framifrå kvedar, som lett trollbind sitt publikum.

Etter studietida har Benedicte hatt omfattande konsertverksemd nasjonalt og internasjonalt, mellom anna i USA, Canada, India, Tyskland, Belgia og på Island, både som soloartist og i samspel med andre.

Saman med Knut Hamre, Nils Økland og Sigbjørn Apeland gav Benedicte i 2006 ut Rosa i botnen, ein produksjon med tradisjonsmusikk frå Hardanger framført på hardingfeler frå 1600- og 1700-talet. To år seinare sto ho saman med Berit Opheim, Åsne Valland Norli og Kristin Skaare bak plateprosjektet Fodne ho svara so stilt, som er bygd på folkemusikk frå Hardanger samla inn av Geirr Tveit.

Benedicte er også komponist, og har laga ny musikk til ein teaterversjon av Jon Fosse-teksten Andvake. Musikken hennar herfrå ligg til grunn for den første soloplata hennar, Alde som kom i 2010. Benedicte vart i 2007 kåra til Årets unge folkemusikar, ei utmerking som inkluderer det toåriga lanseringsprogrammet INTRO-folk. Ved tildelinga framheva juryen også dei sceniske eigenskapane hennar.

Tidlegare i år fekk Benedicte Vossajazz-prisen, og frå juryen der vil eg sitera:


«Årets prisvinnar er ein musikar som kryssar sjangrar med stil. Det er særskilt folkemusikken som står hjarta næraast, men òg tradisjonsmusikk frå heile verda. Prisvinnaren er ein av dei dyktigaste og mest spanande hardingfelespelarane i landet, og tilbyr ei unik toneverd der ho gjerne blandar nordisk tradisjonsmusikk med austleg inspirasjon – eller kastar seg ut i spanande samarbeid gjennom fri, improvisert musikk. Eitt av kjenneteikna til årets vinnar er fokus på at musikken skal vera ekte og lyttande, og ho har òg jobba mykje i krysinga mellom musikk og litteratur.»

Eidfjord kommune sin kulturpris 2018 er eit bilet med tittelen «Karar på tur» av kunstnaren Kristian Finborud.



Prisvinnaren var ikkje tilstades, men stolte foreldre Grete og Leif Rune Maurseth, var stand in.

# Arrangement i Eidfjord 2018



**22.02 - 25.02 Hardangervidda/Maurseth  
Expedition Amundsen**  
Frå Haukeliseter til Maurseth i Eidfjord  
100 km på ski med pulk i Amundsens  
skispor over Hardangervidda.  
Lag- og indiv. klasse.  
[www.xtremeeidfjord.no](http://www.xtremeeidfjord.no)



**16.05 - 21.05 Eidfjord, Ullensvang og Odda  
Hardanger Musikkfest**  
Programmet finn du på nettsida.  
[www.hardangermusikkfest.no](http://www.hardangermusikkfest.no)



**22.06 - 24.06 Eidfjord  
Eidfjord Småbanecup**  
årleg fotballturnering for born  
[www.smaabaneocup.no](http://www.smaabaneocup.no)



**23.06 kl 18.00 Ostangen  
Jonsokfeiring**  
Jonsokbryllup og barnetog frå gamlekyrja kl 17.30 til Ostangen.  
Grilling, bål og kos i Ostangen.  
**Arr: 1. klasse ved Lægreid Skule**



**03.08 kl 18.00 Eidfjord  
Eidfjord Minitriathlon**  
1/10 av det store "Isklar Norseman Xtreme Triathlon", 400m svømming, 20.6 km sykling og 4 km løping  
[http://www.eidfjordil.no/minitriathlon.](http://www.eidfjordil.no/minitriathlon)




**04.08 kl 05.00 Eidfjord  
Norseman Xtreme Triathlon**  
Verdas fremste ekstremetriathlon, med start i Eidfjord og målgang på Gaustatoppen.  
[www.nxtri.com](http://www.nxtri.com)



**10.08 - 12.08 Start på Hjølmaberget  
Felles fottur til Hårteigen**  
1690 moh  
Med kjentmann og kløvhest  
på Hardangervidda,  
inkl 2 overnattingar på Hadlaskard.  
[thomas@varbergstunet.no](mailto:thomas@varbergstunet.no)



**18.08 Eidfjord  
Voss – Geilo sykkelritt**  
same arrangør som Bergen – Voss  
rittet, rittet går over Hardangerbrua  
og via Eidfjord.  
[www.vossgelo.no](http://www.vossgelo.no)



**01.09 kl 10.00 Eidfjord  
Hardangervidda Marathon**  
Heil – og halv marathon med høgfjells  
sti, elvekryssingar og løping i  
trange dalar i Eidfjord. Start i sentrum  
(halv i Måbødalen) og målgang i  
Øvre Eidfjord.  
[www.xtremeeidfjord.no](http://www.xtremeeidfjord.no)



**21.09 - 23.09 i Øvre Eidfjord  
Hardanger Matkulturfestival**  
Sal av tradisjonsmat, underhaldning,  
kurs, foredrag, konsert og aktivitetar  
for store og små.  
Årets tema: Heilt vilt  
[www.hardanger-matkulturfestival.no](http://www.hardanger-matkulturfestival.no)



**Nov / des kl 20.00 Hardangerviddahallen  
Rakafiskfest**  
Kåring av Hardangers beste rakafisk.  
Dans og underhaldning.  
[www.hardangerviddanatursenter.no](http://www.hardangerviddanatursenter.no)



**08.12 i Eidfjord  
Jolemarknad på Haugen**  
Sal av lokalt tilverka handverk og mat.  
[eidfjordaktiv@gmail.com](mailto:eidfjordaktiv@gmail.com)

For informasjon om andre aktivitetar og overnatting i Eidfjord:

[www.visiteeidfjord.no](http://www.visiteeidfjord.no)